



Møtereferat

Møte nr. 2 i: Utval for eigarskapsmodellar	Dato: 29.11.2017	Tid: Kl. 09.00 – 12.00
Møteleiar: Atle Dåvøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemer som møtte: Atle Dåvøy Kari-Anne Landro Helena Morland Hansen Egil Haaland Daniel Victor Sandvik	Forfall: Ingen	
Andre:		
Referent: Jarle Kåre Oen		

Saksnr	Sakstittel
7/17	Godkjenning av innkalling, saksliste <u>Vedtak:</u> Det var ingen merknader til innkalling og saksliste som vert godkjente slik dei ligg føre.
8/17	Referat og orienteringssaker Handsaming i møte: <u>Juridisk kompetanse</u> Møteleiar og sekretær orienterte om ein førebuande prosess med å henta inn juridisk kompetanse. Det er avklara at utvalet kan henta inn slik kompetanse via eksisterande rammeavtale. Dette har kome fram gjennom samtalar om møte med innkjøpsansvarlege i Fjell kommune. Administrasjonen har vore i kontakt med Deloitte for å få eit tilbod, som har slik rammeavtale med kommunen. Grunna ulike omstende er ikkje avtalen i hamn på møtetidspunkt. Utvalet sin leiar og sekretær vil prøva å «landa» ein avtale med Deloitte så snart det let seg gjera.



	<p><u>Rapportmal</u> Møteleiar presenterte kort eit oppsett for rapportmal med innhald og metode. Det vert laga eit levande arbeidsdokument som vert brukt i arbeidet til utvalet. Dette vert brukt internt og vert ikkje offentleg før rapporten er ferdig. Her kan me fylla ut etter kvart som prosessen skrid fram. Utvalsmedlemmane vil få tilsendt siste oppdaterte versjon fortløpande.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none">1. Utvalet for eigarskap hadde ingen merknader til referatet frå politisk utval for eigarskap (PUE) frå 9. november som vert godkjent slik det ligg føre.2. Utval for eigarskap gjev fullmakt til utvalsleiar og møtesekretær som i fellesskap tingar med Deloitte og kjem fram til ei avtale om juridiske tenester innanfor akseptable rammer. Dette vert følgd opp kort tid etter møtet.3. Utval for eigarskap godkjenner oppsettet for rapportinnhald med presentasjon og metode slik det vart presentert i møtet.
9/17	<p>Samandraging av selskapsstrukturen – ei forenkling</p> <p><u>Handsaming i møte:</u></p> <p>Administrasjonen hadde utarbeidd ei sak som låg ved innkallinga. I ordskiptet vart hovudvekta lagt på VAR-tenestene og bustadstifting som også var «tinginga» i frå førre møte. Desse momenta vart spesielt framheva og skal takast med i vurderingane vidare:</p> <ul style="list-style-type: none">- I Sund har Sund Vatn og Avløp (VA) også ansvaret for kommunale vegar inkl. trafikksikring, dette har fungert svært tilfredsstillande og bør også vurderast inn i ein modell for NØK.- Dei tilsette i Sund VA og FjellVAR (Vatn-Avløp-Renovasjon) sine interesser og rettar må ivaretakast i ein omstillingsprosess. Dette kan også ei juridisk innhenta vurdering klargjera.- Det må vurderast om Kommunalt Føretak (KF) kan vera ein organisasjonsform for eigedomsforvaltninga i Nye Øygarden kommune (NØK).- For å få eit best mogleg avgjerdsgrunnlag, vert dei politiske stiftingsakene for Fjell Bustadstifting og Sund Eigedomsutvikling henta inn hjå høvesvis arkiva i Fjell og Sund.- Om Bergen Interkommunale Renovasjonselskap (BIR) skal ha ei rolle i NØK må drøftast vidare. <p><u>Vedtak</u></p> <p>Med desse merknadane vart saka om samandraging av selskapsstrukturen teke til</p>



	orientering.
10/17	<p>SWOT- analyse som arbeidsreiskap</p> <p>Administrasjonen hadde utarbeidd ei sak om tema. Ulike skjema til SWOT-analysar (på engelsk <i>strengths</i> (styrkar), <i>weaknesses</i> (svakheiter), <i>opportunities</i> (moglegheiter), og <i>threats</i> trugslar) låg også ved saka.</p> <p><u>Handsaming i møte:</u></p> <p>Utvalet gjennomførte tre analysar som følgjer referatet. Den eine går på selskap aksjeselskap (AS) eigd 100% av kommunen og den andre der kommunen er deleigarar (fleire eigarar), og til slutt vart VAR- tenester organisert som KF drøfta og analysert. I alle analysane er det snakk om VAR-selskap.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Utval for eigarskap vurderer SWOT-analyse, jamfør saksutgreiinga, som ein god arbeidsreiskap vidare. Slike analysar kan vera ein del av avgjerdsgrunnlaget når utvalet skal koma med sine tilrådingar.</p>

Skjenet 2, - 01.12.2017

Jarle Kåre Oen
Referent

Vedlegg: SWOT-analyser gjennomført i møtet